



Søkjalar om tilskot til arrangement i kultur- og aktivitetsprogrammet

26.06.2019

Svar på søknader om tilskot til arrangement i Kultur- og aktivitetsprogrammet i Alver kommune – tredje søknadsrunde

Arbeidsgruppa for aktivitets- og kulturprogrammet lyste ut ei tilskotsordning der organisasjonar og andre kulturaktørar søkja tilskot til kulturarrangement og -aktivitetar i Alver i 2019. Aktivitetane og arrangementa som får tilskot vert ein del av aktivitets- og kulturprogrammet i Alver kommune som skal gå frå januar 2019-januar 2020. Målet med dette programmet er å skapa interesse for og tilhøyrighet til den nye kommunen.

Kulturarrangementa og –aktivitetane som skal vera ein del av aktivitets- og kulturprogrammet må oppfylle minst eitt av følgjande kriterium:

- Vera eit samarbeid mellom aktørar i dei tre kommunane
- Vera ei arrangementsrekke med arrangement i dei tre kommunane
- Vera eit arrangement med storleik eller tematikk som gjer at heile Alver er nedslagsfelt

NB: Me minner om at arrangementa som får tilskot må meldast inn på skjema på denne sida: <https://alverkommune.no/2019/03/25/aktivitets-og-kulturprogrammet-for-alver-kommune-januar-2019-januar-2020/> innan 22. juli.

Det kom inn totalt 13 søknader.

Søkjjar	Tiltak	Søknadssum	Tilskot	Vilkår/grunngeving
Alversund mållag	Nynorskpub under Nynorskdagane	10 000	10 000	
Alversund mållag	Nynorsk i regionsenteret	9500	9500	
Oster brass	Konsert med ulike musikkgrupper og ensemble frå Alver	10 000	10 000	Må ha med representantar frå dei tre kommunane.
Jazz på Strilamål	Konsert/jazzkafé i Strilatun.	10 000	10 000	
Hjelmås mannskor	Korkafé med kor frå dei tre kommunane.	10 000	5 000	
Strilen artist og viseklubb	Låtskrivarkurs og låtskrivingskonkurranse.	10 000	10 000	Tilskotet vert gjeve til eit låtskrivingskurs under nynorskdagane.

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ
Tlf. 56 37 50 00
postmottak@lindas.kommune.no

Meland kommune
Havnevegen 41
5918 FREKHAUG
56 17 10 00
postmottak@meland.kommune.no

Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 MANGER
Tlf. 56 34 90 00
postmottak@radoy.kommune.no

Alverkoret	Juleshow. Samarbeid med andre kor i Alver.	10 000	5 000	
Hallovenn	Vennefest for born og unge i Nordhordlandshallen.	10 000	10 000	
Kløvheim bygdelag	Refleksjakt på Kløvheim.	10 000	7 500	
Jazzgard	Jazzgard på Askeland i august.	10 000	0	Kultur- og aktivitetsprogrammet for august er allerede gjeve ut.
Nordhordland kunstlag	Kurs/workshop i graffiti for ungdom.	10 000	10 000	
Nordhordland rotaryklubb	Romjulsfest for einslege og pensjonistar	10 000	10 000	
Kløvheim ungdomslag	Dataparty for barn, ungdom og vaksne	10 000	3 000	Seint innkomen søknad.

Tiltaket skal gjennomførast slik det er nemnd i søknaden, om ikkje anna er nemnd i vilkåret for tilskotet. Tilskotet vert utbetalt etter at tiltaket er gjennomført, og me har fått melding om dette.

Med venleg helsing

Eirik Bouwer Utne
Kultursjef
Alver kommune

Eileen Feste
Konstituert kultursjef
Lindås kommune

Bente K. Hervik
rådgjevar kultur
Radøy kommune

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ
Tlf. 56 37 50 00
postmottak@lindas.kommune.no

Meland kommune
Havnevegen 41
5918 FREKHAUG
56 17 10 00
postmottak@meland.kommune.no

Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 MANGER
Tlf. 56 34 90 00
postmottak@radoy.kommune.no